

Nr. 4 - 2014

# PiRiod

- kulturavis for barnehagar og skular



## Barnehagen der løva bestemmer

I Frøysland barnehage gjeld løvelova.  
Ho seier blant anna barnet skal vere  
seg sjølv, men gje plass til andre,  
slik at dei også blir seg sjølv.

TEKST: JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR

FOTO: FRØYSLAND BARNEHAGEEE

# Barnehagen der løva bestemmer

- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Vi ynskjer at alle born og unge i Noreg får oppleve engasjerande kunst og kultur av høg kvalitet.

Me ynskjer eit tett samarbeid med profesjonelle kunstnarar om dette. Eit flott døme er Den Norske Opera og Ballett sitt samarbeid med fire osloskular om ei framsyning for femteklassingar. Tenk for ei oppleveling det er for borna å få setje opp ein opera! Det er viktig at born og unge får høve til å delta sjølv, både dei som seinare vil bli profesjonelle kunstnarar, og dei som vil ha kunst og kultur som ein kjær hobby. Kunst og kultur er til glede og nytte heile livet. Ikke minst for dei aller yngste.



Kulturminister  
Thorhild Widvey (H)

Løvelova og den fargerike løverbamsen, som barnehagen brukar i all form for sosialt samspel og konfliktløysing, er henta frå programmet *Være Sammen*. Det er forfattar, salmediktar og kulturarbeidar Eyvind Skeie som utvikla opplegget, som starta opp i 2010. Han engasjerte vidare Torhild Roland Vetvik til å leie arbeidet, der meininga er å gje barnehagane ein solid plattform som viser korleis samspelet mellom vaksne og born bør vere.

Det er ikkje noko revolusjonerande i dette programmet. Dette handlar først og fremst om å auke kompetansen om dei grunnleggande verdiane i barnehagen. Det er viktig at opplegget er eit kompetanseløft for alle tilsette i barnehagen, og at det er laga materiell for både borna og foreldra, seier Vetvik.

## Å setje grenser

*Være Sammen* fokuserer på den autoritative vaksenrolla, der den vaksne set klare grenser og ikkje blir ettergivande eller forsømmande. I tillegg set dei søkjelyset på det medverkande barnet, empatiutvikling og sosial kompetanse. *Være Sammen* er ikkje eit program i tradisjonell forstand, men handlar om implementering av grunnleggjande haldningar i barnehagen.

Målet er at barnehagen skal arbeide på eit systemnivå samstundes som dei aukar kompetansen hjå kvar enkelt tilsett, noko som gjev barnehagen ein felles pedagogisk plattform. Senter for åtferdsforskning har stått for den faglege tilrettelegginga av kompetanseløftet og er evaluert av Universitetet i Agder. Kunnskapsdepartementet var også inne med støtte til programmet, slik at ein kunne starte opp eit pilotprosjekt med utvalde barnehagar.

Dette er eit enkelt opplegg som er mogleg å realisere i ein travel kvardag. Dei tilsette får eit felles språk dei kan nytte i sosiale samanhengar med borna, og ein felles plattform å arbeide ut ifrå. For oss er det viktig at dette ikkje er eit prosjekt. Dette har ingen sluttdato, dette er noko barnehagane må ta med seg vidare i kvardagen, meiner Vetvik.



## MARI OG MAGNUS HOS BESTEMOR

Av : Ruth Lillegraven og Inger Landsem  
Samlaget 2014



Dette er fjerde boka om Mari og Magnus. No skal dei overnatt borte for første gong. Heldigvis er det hjå bestemor og hunden Rusken, så det er ikkje så veldig skummelt. Dette er ei konsentrert, varm og fin historie som speglar små augneblinkar i kvardagen på ein god måte. Hjå bestemor kan dei sove på hemsen, dei får bake bollar og passe dei små lamma som bur i løa.


Mari og Magnus ringer heim for å seie god natt og kosar seg hjå bestemor. Men midt på natta vaknar Mari av noko varmt som ligg oppå føtene. Kva kan det vere? Somme gonger kan det vere godt å få litt ekstra trøyst av bestemor når ein sov borte for første gong.

Mange små lesarar vil la seg sjarmere av dei jordnære historiene om Mari og Magnus. Her er bileta fargeglade og rike på detaljar, og mange av dei minste vil kjenne seg att i utfordringane som Mari og Magnus møter. I dei andre bøkene opplever dei til dømes å få seg katt og møte ein smokketjuv.

Judith Sørhus Littlehamar

## SIRKUS SPETAKKEL

Av: Kari Smeland  
Samlaget 2014



Vesle Ada er på landevegen med dei to rufsete sirkusonklane sine, Mikko og Rasmus. Dei to onklane er ekte klovnar, og saman reiser dei rundt med Sirkus Spetakkel. Ada er ikkje heilt som andre jenter; ho går ikkje på skule, og ho bur ikkje saman med foreldra sine. Heldigvis har Mikko og Rasmus lært henne å lese, men gangetabellen får ho nok aldri lære, sidan klovnane ikkje er spesielt glade i tal.

På landevegen møter det

vesle sirkuset mange utfordingar, særleg når den ekle sirkusdirektøren Rottekjeften vil ha Sirkus Spetakkel vekk frå vegen. Dermed byrjar kampen om sirkustrona og jakta etter ei mor som Ada ikkje kan hugse. Kan det vere sant at ho har ei mor som er sirkusdronning og ein far som bur på ei aude øy?

Historia som Kari Smeland har skrive, er varm og truverdig. Ho handlar om vennskap, om fellesskap og om saknet etter forfedre. Kampen mellom det gode og det vonde står sentralt; kven vinn kampen om sirkustrona?

Det er mykje tekst i boka, og illustrasjonane klarer ikkje alltid å gje oss dei pusteromma me kanskje treng i lesinga. Samstundes er det god flyt og eit godt språk i boka.

Boka passar best for dei mellom 9 og 12 år.

Judith Sørhus Littlehamar

## Basis i kvardagen

Styrar i Frøysland barnehage, Inger-Lise H. Askildsen, meiner løvelova og resten av opplegget i Være Sammen er viktig for samspelet mellom borna og dei vaksne. Frøysland barnehage var ein av barnehagane som fekk vere med i pilotprosjektet, og fekk dermed vere med på å sy programmet saman.

Me sakna eit program som kunne ligge i botn av alle fagområde; om det var matte, språk eller fysisk aktivitet. Det er viktig med relasjonar og kommunikasjon i alle aktivitetar. For oss fungerer programmet slik at det gjev oss ein basis i pedagogikken, me kallar oss sjølv for ein løvebarnehage, seier Askildsen.

Ho forklarer at programmet ikkje vil stoppe opp, men vere i stadig utvikling i barnehagen. Ofte tek dei opp att tema dei allereie har vore gjennom, eller det kjem nye tilsette som treng ei innføring. Programmet legg dessutan til rette for at dei tilsette skal få tid til å utvikle eigarskap til programmet før det blir introdusert for born og foreldre.

## Løvelova gjeld

Hjå Frøysland barnehage er løverbansen og løvelova ein heilt naturleg del av kvardagen.

Me ser at borna løysar konfliktar med å vise til løva. Slik ville løva ha gjort det, seier dei. Eller løva får lov til å vere med i spesielle situasjonar og leikar. Borna viser til at løvelova seier at dei skal dele og tenkje på andre.

Innhaldet i programmet er også synleg i dramatiseringar, formgjevingstimar og utstillingar som borna lagar. Kort fortalt er løva og programmet til stades i alle ledd i barnehagen, meiner Askildsen.

Kva for nokre barnehagar passar opplegget for?

Eg meiner dette er noko alle barnehagar kan ha nytte av. Som sagt er ikkje temaa revolusjonerande, men det er godt å få sett det heile i system og få sett ord på kva som påverkar relasjonane mellom oss.

Mitt tips er at ein tek seg god tid med opplegget, og ikkje tenkjer at ein skal klare det på eit år, seier Inger-Lise H. Askildsen.

## LØVELOVEN

- Kan du løveloven?
- Jeg skal være meg.
- Men gi plass til andre
- Slik at de blir seg.
- Bry meg om en annen
- Hjelpe når jeg kan.
- Slik blir livet bedre
- For barn i alle land
- Ser du en som plages.
- Det er ikke bra!
- Alle må stå sammen
- Om å si ifra.
- Alle barn på jorden
- Har den samme rett
- Til å være trygge
- Og til å være sett.

Eyvind Skeie,  
Være Sammen 2010



Styrar i Frøysland barnehage, Inger-Lise H. Askildsen, meiner løvelova og resten av opplegget i Være Sammen er viktig for samspelet mellom borna og dei vaksne



# Norsk Barneblad? Finst det ennå?

Ja, Norsk Barneblad er like aktuelt som før og kjem ut kvar månad.

I vårt 127ande år ser vi sjølv sagt ikkje ut som før, og innhaldet er heller ikkje heilt som før. Men prinsippet om å opplyse barn og gjere dei trygge på eigne haldningar og meininger ved hjelp av gode tekstar, er framleis hovudoppgåva vår.

Kvart nummer inneholder forteljingar, skrivne av både vaksne og barn. Illustrerte av vaksne og av barn. Mange kjende forfattarar og illustratørar arbeider for bladet, men også barn og amatørar slepp til. Norsk Barneblad har alltid plass til det ungane sjølv vil skrive om. Å sjå eigne tekstar på trykk er viktig for unge leserar.

Ikkje alle barn er like gode til å lese, og leselyst og tempo utviklar seg ofte i rykk og napp. Sjangerblandinga i Norsk Barneblad tek omsyn til dette, og bladet inneholder både lange og korte tekstar.

Teikneseriane er faste innslag. Smørbukk har gått i ei årrekke og har fast plass på siste sida. Den populære serien om ungjenta Annika er vel den einaste norske serien som handlar om ei ung jente i ein bygdby og alt som hender henne. Aldri kjedeleig.

Serien om Hanna er teikna for dei minste og har alltid ein humoristisk vri. Håkon Aasnes står bak alle desse tre seriane.



NANA RISE-LYNUM  
ER ANSVARLEG  
REDAKTØR I NORSK  
BARNEBLAD

Den morosame teikneserien *Skulen* av Jorunn Hanto-Haugse ser nærmare på livet i storskulen, og det er ingen skulelev som ikkje kjenner seg att.

Serien om Live er teikna og fortald av tolvåringen Tilde Torkildsen.

I bladet finn ein også spørje-konkuransar, vitsar og ei eiga ordskiftpalte, der lesarane diskuterer det dei vil.

Artiklane våre spenner vidt. Det siste året har vi skrive om barn sin oppvekst i India, den spanske rideskulen, kani-nar som kjæledyr, Minecraft, motorsport, korps og musikk, miljøvern og jungelen, ville dyr, jakt, villsuehald, karneval og mykje meir.

Norsk Barneblad inneholder også hobbyartiklar med oppskrifter på ting du lagar sjølv, frå matrettar og gåvetips til fuglekassar.

Fast musikkpalte og kryssord er to andre populære og faste innslag i bladet.

Tekstane er tilpassa barn som les sjølv, men mange har stor glede av å bli lesne høgt for.

Mange barn orkar ikkje å ta fatt på ein lang tekst som i ei bok, og då er eit blad med varierte korte tekstar eit betre val.



Det ser ikkje slik ut, men Norsk Barneblad er ein olding på 127 år!

[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

For deg som jobbar med barn

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

[BOKPRAT](#) | [MIN BARNEHAGE](#) | [LES FOR MEG](#) | [AKTUELT](#)

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

# Pirion

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)